

Til
Meland Kommune
V/ Ordførar Nils Marton Aadland

Postboks 79
5906 Frekhaug

08/9011 NMA
565.2
08/1649-1

Heiane 21.07.2008

GJELDER:

- 1. MOGELEG OMLEGGING AV VEG TIL / FRÅ HEIANE BUSTADFELT**
- 2. KOMMUNAL OVERTAKING AV FELLES VEG I BUSTADFELTET.**

MOGELEG OMLEGGING AV VEG TIL / FRÅ HEIANE BUSTADFELT

Heiane Vellag har forstått det slik at Meland Kommune i sine planer, ønskjer å leggja om vegen til Heiane bustadfelt, via ny veg for nytt bustadområde til Skarpenesvegen.

Heiane Vellag vil med dette uttrykke at ein slik omlegging er uakseptabel slik vegforholda i dag er for Skarpenesvegen.

Den delen av Skarpenesvegen som i tilfelle skal brukast ved kjøring til og frå feltet, har fleire manglar, som gjer at den egner seg svært dårleg for trafikk og då spesielt den auke i trafikken ei slik omlegging vil medføre. Tar med følgjande:

- I dumpen like før oppstigning til fylkesvegen skal det ikkje regne mykje før vatnet legg seg meir enn 10 centimeter over vegbana og på dagar med svært store nedbørmengder enda meir. Dette er sjølvsagt trafikkfarleg, spesielt kombinert med kuldeperiodar om vinteren.
- Bakken opp til fylkesvegen er smal og bratt. Med stor trafikkauke vil det medføra mange treffpunkt som kan vere trafikkfarleg og medføre lang rygging med bil. Dette utfordrar kjøre eigenskapane til dei fleste bilførarane. Ikkje minst når dette er kombinert med glatt vegbane.
- Vegen har nesten ingen passeringspunkt for to bilar.

Ei omlegging av vegen, med dei forhold som nemnt over tatt i betraktning, legg Vellaget til grunn er uaktuell no. Ber om at kommunen melder tilbake på dette. Fint om Vellaget samtidig kan få ei orientering om kva planar kommunen har om dette tema framover.

KOMMUNAL OVERTAKING AV FELLES VEG I BUSTADFELTET.

Heiane Vellag har forstått det slik at Meland Kommune endå ikkje har overtatt vegen i bustadfeltet. Vi som bur i feltet er sjølvsagt opptatt av at kommunen overtek vegen og at vi med det kjem i same kategori som andre større bustadfelt i kommunen. Vellaget har også forstått det slik at utbyggjar av feltet har bedt om at kommunen overtek vegen, men det er ikkje gjort då det er manglar med vegen, i forhold til dei krav kommunen har for slik overtaking.

Heiane Vellag er ikkje kjent med kva manglar kommunen meiner er for vegen for overtaking og ber om at dette blir meldt tilbake. Vellaget trenger dette for å ha kunnskap om saken og derfrå eventuelt setja krav til utbyggjar av feltet, slik at vegen får den standard kommunen har for slik overtaking.

For Heiane Vellag

Reuben Palmer
- leiar -